



Gro Henny Mo

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/7 - 22/2243

Saksbehandlar:

Grete Urdal

grete.urdal@modalen.kommune.no

Dato:

28.10.2022

## Referat samarbeidsutvalsmøte 19.10.22 med vedtak av Årsplan22-23

### Desse møtte:

Marit Kristin Nygård Nese- kommunestyret sin representant

Siren Bruvik- Foreldre representant

Grete Urdal- Styrar og referent

### Forhindra frå å møte:

Gro Henny Mo- Tilsette sin representant

### Sak 1 Årsplanen skal godkjennast

Ingen innspel i høve Årsplanen

Planen vert samrøystet vedteken slik den ligg føre den 19.10.22.

### Sak 2 Budsjett

*Informasjon om at årets budsjett er lagt opp med lik drift som i fjor. Det er ingen større endringar.*

Budsjettet som er lagt er i henhold til ramma, 6.700.000,-.

- Me oppretthelt 2 avdelinger i Modalen barnehage. Barnetalet hat gått litt opp, 24 barn/33 plassar.
- 4 av barna kjem frå andre kommunar, 3 frå Vaksdal og 1 frå Alver.
- Stillingsressurs vel 8 årsverk fordelt på 11 tilsette
- Har ingen lærlinger eller læreandidater.
- Me har tatt høgde for å kunna ta inn 5 ung jobb til sommaren 2023. Ein ungdom i 3 vekers arbeid kostar vel 21.000,-. Over 100.000,- i budsjettet.

- Samarbeidet som me har hatt med SFO tidlegare er endra. SFO ynskjer å driva for seg sjølv på skulen i ferievekene, noko som gjer at sambruken av personalet me har hatt tidlegare fell vekk. Dette gjer at me i barnehagen får auke i bruk av ferievikarar for å få feriekabalen til å gå opp.
- For å kunna ha møteversemd ettermiddagstid er det lagt inn overtidsbetaling og kveldstillegg.

### **Frå Samarbeidsutvalet kom det ingen innspel i høve til budsjettet som var lagt fram.**

Forslag til investering, her har barnehagen ulike forslag:

- Leikeplassen er 15 år og ber preg av mykje bruk. Nokre apparat har store råtskader /er øydelagte. Me har gjort enkelte utskiftingar av leikeapparater, men treng fleire utskiftingar av leikeapparat.
- Taket på barnehagen har eg nevnt i fleire år at er dårlig, dette er i svært dårlig stand. Vert store kostnader til vedlikehald av knekte takheller.
- Me har i fleire år slitt med mykje mus i barnehagen. Det har vorte iverksat ulike tiltak for å bekjempe dette, men framleis er det aktivitet i veggjar og på loft. Rentokil som er leid inn for å bekjempe dette, har sagt at så lenge barnehagen ikkje er tett rundt kledningen, så vil mus komme seg inn.
- Barnehagen har eit stort ynskje om takoverbygd sandkasse som kan gje ly for ulik type vær. Me har ikkje plassar barn kan trekke seg under tak når det regnar mykje, eller når sola steiker. Eit tak/pergola over ein av sandkassene hadde gjeve ly for ulik typarar vær.
- Me treng fleire stikkontakter inne på småromma i barnehagen, det er kun1 uttak pr smårom. Laga sanserom o.l

Barna i barnehagen oppholder seg i barnehagen i opptil 45 timar i veka. Kvar dag er ungane ute å leikar. Det er viktig med trygge, spennande og gode leikeområder ute som stimulerer til fin leik. På dette området held dei minste i barnehagen til. Hytta som står der har ein bygd sjølv i barnehagen. Vippen som står der er knekt. Ellers er området overgrodd. Me ynskjer å oppgradere dette området og gjere det kjekt for små barn å boltre seg på.





**Noko slikt kunne me tenkt oss.**



Med innslag av desse apparata:



Søkt om kr 300.000,-

**Foreldrerepresentanten kom med innspel om at foreldra ynskja at det vart prioritert pergola/takoverbygd sandkasse, men alle støtta forslag til ei oppgradering av leikeoråde til dei yngste.**

### **Sak 3 Informasjon om satsingsområdet Språk og kommunikasjon- språkvanskar.**

Informasjon om at barnehagen har på nytt søkt og fått innvilga kr.99.000,- i Regionale kompetansehevingsmidlar, som skal gå til barnehagebasert kompetanseutvikling for alle tilsette. Har avslutta Inkluderande barnehagemiljø med førebygging av mobbing og krenkande åtferd.

No er me i gang med eit nytt og spennande prosjekt, kommunikasjon og språk, med fokus på å jobba førebyggjande. Samarbeid med NLA, som gjer forskning på dette.

**Samarbeidsutvalet hadde ingen innspel til val av utviklingsområdet, men gav tilbakemelding på at det er fint at ein i barnehagen arbeider med kompetanseutvikling.**

Med helsing

Grete Urdal

styrar barnehage

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Vedlegg:**

Vedtatt Årsplan 2022-2023

**Mottakere:**

Gro Henny Mo

Marit Kristin Nese

Siren Bruvik Øvre Helland

Postboks 56

Modalen 1299a

5729

5729

MODALEN

Modalen